

---

RAPPORT

# Halsnøy, Stabilitetsvurdering

---

OPPDRAAGSGIVER

Statens Vegvesen Region Vest

EMNE

Geotekniske vurderingar

DATO / REVISJON: 23. oktober 2018 / 02

DOKUMENTKODE: 10205525-RIG-RAP-001

---



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

## RAPPORT

OPPDRAAG	<b>Halsnøy, Stabilitetsvurdering</b>	DOKUMENTKODE	10205525-RIG-RAP-001
EMNE	Geotekniske vurderingar	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAAGSGIVER	<b>Statens Vegvesen Region Vest</b>	OPPDRAAGSLEDER	Joar Tistel
KONTAKTPERSON	Ingjerd H. Martinussen	UTARBEIDET AV	Joar Tistel
KOORDINATER	SONE: 32 ØST: 316357 NORD: 6632939	ANSVARLIG ENHET	Multiconsult ASA

## SAMANDRAG

Overordna konklusjonar frå arbeidet dokumentert i denne rapporten:

- Stabilitetsvurderingane viser at det er teknisk mogleg å gjennomføra planlagt tiltak langs Fv 544 ved Tofte, Halsnøy, med tiltak som skissert i denne rapporten.
- Skråningsstabiliteten er minimalt påverka av veggen i seg sjølv (kanskje med unnatak ved inngangen til ravina i sone I). Det er i hovudsak områdestabiliteten som er ei utfordring.
- Det er nødvendig med tiltak for å heve områdestabiliteten ved sone I (langs ca. vegprofil 170 – 320). Tiltaka er omfattande og vil få innverknad på nærmiljøet:
  - Eigedomar må løysast inn
  - Visuell endring av landskapet
- Arbeidet skal, dersom det vert realisert, utførast i ei bratt skråning med kvikkleire og dårleg stabilitet, noko som i seg sjølv inneber en risiko som må handterast. Det må føreliggje sterke argument for å gå inn i denne typen skråningar med anleggsaktivitet. Tiltaka må uansett detaljerast grundig og følgjast tett opp med god instrumentering i ein anleggsfase.
- Estimerte kostnader knytt til heving av områdestabilitet er 50 - 75 millionar NOK eks.mva. Dette er eit grovt anslag, variasjonen på 25 millionar seier noko om kor nøyaktig dette estimatet er. Kostnader til oppbygging av veg vil koma i tillegg.
- Føreslegne tiltak må detaljerast grundig dersom prosjektet skal realiserast, det kan vere mogleg å optimalisera både motfylling og avlasting som føreslege i denne rapporten.
- Grunnundersøkingar utført ved tidlegare høve og i 2018, saman med tidlegare stabilitetsvurderingar og denne rapporten må gi grunnlag for restriksjonar med tanke på grave og fyllingsarbeid i sone I og sone II.
- Det er anbefala å heve bekkeløpet (bekkheving) i sone II for å bevare dagens situasjon. Dette er eit minimumstiltak, ytterlegare tiltak bør vurderast. Bekken i sone I må erosjonssikrast, med mindre den planlagde utbetringa av veggen vert utført.
- Framtidige tiltak som kan ha betydning for geoteknisk stabilitet i det aktuelle området må utførast ihht. NVE's regelverk.
- Gitt konklusjonen ovanfor: Rådande myndigheiter må gjera ei grundig vurdering før ein konkluderar med om ein vil gå vidare med prosjektet.

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
02	23.okt.2018	Geoteknisk vurderingsrapport	JOT	OAF	JOT
01	12.okt.2018	Geoteknisk vurderingsrapport	JOT	OAF	JOT
00	14.sept.2018	Geoteknisk vurderingsrapport	JOT	OAF	JOT

## INNHOLDSFORTEGNELSE

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>6</b>
1.1	Om prosjektet.....	6
1.2	Multiconsults oppdrag.....	6
<b>2</b>	<b>Generell områdebeskrivelse .....</b>	<b>7</b>
2.1	Vasstand .....	8
2.2	Tidlegare skredaktivitet .....	8
2.3	Geotekniske forhold knytta til prosjektet.....	9
2.4	Dimensjonerande jordparametar .....	9
<b>3</b>	<b>Geoteknisk prosjektering.....</b>	<b>10</b>
3.1	Regelverk, generelt.....	10
3.2	Geoteknisk kategori, konsekvensklasse/pålitelegheitsklasse (CC/CR).....	10
3.3	Plassering i tiltakskategori .....	11
3.4	Trafikkklaster .....	13
3.5	Jordskjelvlaster .....	13
3.6	Grunnvatn - poretrykk .....	14
3.7	Dimensjoneringsmetode.....	14
3.8	Grensetilstandar og partialfaktorar .....	14
3.8.1	Grensetilstandar .....	14
3.8.2	Partialfaktorar for geotekniske parametere/jordparametere .....	14
3.8.3	Partialfaktorar for påverknader .....	15
3.8.4	Partialfaktor for motstand .....	15
3.9	Kvalitetssystem .....	15
3.10	Dimensjonerande verdiar- laster .....	15
3.10.1	Dimensjonerande last på konstruksjonar og terreng.....	15
3.10.2	Jordskjelvlaster .....	15
<b>4</b>	<b>Moglege brot og skredtypar.....</b>	<b>16</b>
4.1	Lokalskred .....	16
4.2	Områdeskred .....	16
<b>5</b>	<b>Utgreiing av områdestabilitet – NVE's veileder 7/2014 .....</b>	<b>16</b>
5.1	«Avklar hvor nøyaktig utredningen skal være» .....	17
5.2	«Undersøk om hele eller deler av området ligger under marin grense» .....	17
5.3	«Avgrens områder med marine avsetninger» .....	18
5.4	«Undersøk om det finnes kartlagte faresoner for kvikkleireskred i området» .....	20
5.5	«Avgrens aktsomhetsområder til terreng som tilsier mulig fare for områdeskred» .....	20
5.6	«Gjennomføring av befaring og grunnundersøkelser/ vurdering av grunnlag» .....	22
5.7	«Avgrens løseområder nøyaktig» .....	22
5.8	«Vurder og avgrens sannsynlige utløpsområder for skredmasser».....	23
5.9	«Avgrens og faregradsklassifiser faresoner» .....	25
5.9.1	Faregradsevaluering, sone I .....	25
5.9.2	Skadekonsekvens og risiko, sone I .....	25
5.9.3	Faregradsevaluering, sone II .....	26
5.9.4	Skadekonsekvens og risiko, sone II .....	27
5.9.5	Oppsummering av faregrad, skadekonsekvens og risiko, sone I og sone II .....	28
5.10	«Stabilitetsvurdering. Dokumentasjon av tilfredsstillende sikkerhet» .....	28
5.11	Oppsummering av klassifiseringar .....	28
<b>6</b>	<b>Tidlegare utførte grunnundersøkingar og stabilitets vurderingar .....</b>	<b>29</b>
6.1.1	Overordna grunnforhold – tidlegare utførte grunnundersøkingar .....	29
6.1.2	Konklusjonar frå tidlegare stabilitetsvurderingar .....	30
<b>7</b>	<b>Tolking av grunnundersøkingar utført i 2018 .....</b>	<b>31</b>
7.1	Overordna vurdering av grunnforholda – inkludert ny informasjon frå GU 2018 .....	31
7.2	Vassinnhald .....	34
7.3	Flytegrense, plastisitetsgrense og plastisitetsindeks .....	35
7.4	Korngradering .....	35
7.5	Tyngdetettleik.....	36
7.6	Udrenert skjærstyrke .....	36
7.6.1	Resultat frå laboratorieforsøk.....	36
7.6.2	CPTU.....	40

7.6.3	Anisotropi .....	42
7.7	Sensitivitet .....	43
7.8	Prekonsolidering .....	43
7.9	Drenerte styrkeparameterar .....	46
7.10	Vasstand og poretrykk .....	47
7.11	Jordparameterar for bruk i stabilitetsberekningane .....	50
7.11.1	Parameterar for totalspenningsanalysar .....	50
7.11.2	Parameterar for Effektivspenningsanalyse .....	52
<b>8</b>	<b>Stabilitetsvurderingar .....</b>	<b>54</b>
8.1	Generelt .....	54
8.2	Berekningsresultat .....	54
8.2.1	Diskusjon .....	55
<b>9</b>	<b>Forbetrande tiltak .....</b>	<b>59</b>
9.1	Motfylling og avlasting .....	60
9.2	Kalk-sement stabilisering kombinert med vertikaldren .....	61
9.3	Saltstabilisering .....	61
9.4	Heving av bekk/erosjonssikring .....	62
9.5	Rekkjefølge av tiltak .....	62
9.6	Usikkerheiter ved tiltaka .....	62
9.7	Mengder og kostnader .....	62
<b>10</b>	<b>Overordna konklusjon – Stabilitetsvurdering Fv 544 Halsnøy .....</b>	<b>64</b>
<b>11</b>	<b>Referansar .....</b>	<b>65</b>
11.1	Regelverk, forskrifter, standarder og veiledninger .....	65
11.2	Datarapportar og tidlegare vurderingar .....	65
<b>12</b>	<b>Referansar .....</b>	<b>65</b>

#### Teikningsliste (teikningar lagt ved i vedlegg 4)

Teikning	Kommentar
800.1	Profil N, ADP eks. terreng
800.2	Profil N, ADP anleggsfase
800.3	Profil N, ADP permanentfase lette masser i vegfylling
800.4	Profil N, ADP permanentfase lette masser i vegfylling og motfylling
800.5	Profil N, ADP permanentfase lette masser i vegfylling, motfylling og avlasting
801.1	Profil N, a-fi eks. terreng
801.2	Profil N, a-fi anleggsfase
801.3	Profil N, a-fi permanentfase lette masser i vegfylling
802.1	Profil PK, ADP eks. terreng
803.1	Profil KL, ADP eks. terreng
803.2	Profil KL, ADP eks. terreng med motfylling
804.1	Profil KL, a-fi eks. terreng
805.1	Profil UX, ADP eks. terreng
806.1	Profil UX, a-fi eks. terreng

## 1 Innleiing

Multiconsult er førespurt om å utføre ei geoteknisk vurdering av planlagt utviding av fv 544 gjennom Tofte på Halsnøy i Kvinnherad kommune. Det er planlagt å utvida eksisterande veg og etablera gang og sykkelveg for ei strekning på ca. 750 m, der det er registrert kvikkleire på delar av strekninga.

Denne rapporten presenterer utgreiing av områdestabilitet ihht. NVE regelverk, tolking av grunnundersøkingar utført i 2018 og stabilitetsberekningar for utvalde profilar i området. Tiltak for å forbetre områdestabilitet er føreslegne saman med eit grovt kostnadsestimat av tiltaka.

Merk at rapporten må lesast i samanheng med datarapporten /19/, då føreliggjande rapport refererer til både borpunkt nummerering og profilnavn angitt i datarapporten. Borplanen presentert i /19/ bør difor vere tilgjengeleg når ein les denne rapporten.

### 1.1 Om prosjektet

Statens Vegvesen region Vest (SVV) ynskjer å undersøkje moglegheiten for å utbetra Fv 544 ei strekning mellom Tofte og Sæbøvik på Halsnøy, Kvinnherad kommune. Utbetringa består av utviding for å etablera gang/sykkelveg, men også ei større fylling for å rette ut kurvaturen mellom profil 250-350.

Gang og sykkelveg vert planlagt då det er venta ein vesentleg auke i årsdøgntrafikk langs vegen. Den aktuelle strekninga mellom vegprofil 0 og 500 har vore gjenstand for fleire studiar. Dei tidlegare studiane har konkludert med sikkerheitsfaktorar som ikkje er tilfredsstillande jmf. retningslinjer og regelverk (NVE og SVV). Ein har ikkje klart å dokumentere tilstrekkeleg områdestabilitet. Sjølve inngrepet knytt til vegen har ikkje nødvendigvis stor betydning i denne samanheng.

Tidlegare vurderingar har vore basert på materialparametrar frå delvis forstyrta forsøk, og det har vore konkludert med at opptak av «uforstyrta» prøvar vil kunne vere med og føre berekna sikkerheit opp på eit nivå som kan vere akseptabelt. Nye grunnundersøkingar vart utført våren 2018 i regi av SVV med mål om å ta opp uforstyrta prøvar frå laga med sprøbruddmateriale/kvikkleire i området.

### 1.2 Multiconsults oppdrag


Multiconsult er engasjert for å tolke utførte grunnundersøkingar (2018), og for å vurdere om det er mogleg å utføre den planlagde oppgraderinga av vegen. Vurderingane skal baserast på stabilitetsberekningar i kritiske snitt med representative jordparameterar.

Det er også ein del av oppdraget å føreslå løysingar og kome med kostnadsestimat på dei føreslegne løysingane dersom analysane viser at oppgraderinga er gjennomførbar ihht.gjeldande regelverk.


## 2 Generell områdebeskrivelse

Marin grense i området ligg på om lag kote 66 ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Traseen for Fv 544 heller jamt nedover og startar i det høgste punktet på omlag kote 55 ved profil 0 og endar på omlag kote 11 i profil 710. Oversiktskart over det mest kritiske området er vist i Figur 2-1 og Figur 2-2. Det aktuelle området ligg under marin grense. Det er registrert kvikkleire i områder langs traseen, dette er registrert ved fleire rundar med grunnundersøkingar, seinast våren 2018.

Det er relativt jamn helling mot Sør, Sør-Vest i området på oversiden av og nedsiden av vegtraseen. Det er ei ravine ved profil 290 som sannsynlegvis er danna enten ved utrasing av overliggjande leirlag eller erosjon. Det er relativt kort djupne ned til berg i botn av ravina. Det går i dag ein bekk i ravina. Det er også ei ravine i området sør for profil 0. Denne ber meir preg av å vere erodert over tid grunna vassføring (utprega V-form).



Figur 2-1. Oversiktskart frå [kart.gulesider.no](http://kart.gulesider.no), profil og vegmarkering viser omtrentleg plassering på eit utsnitt av vegen som ligg i det antatt mest kritiske området.



Figur 2-2. Oversikt – profilnummer, (ref.: borplan presentert i /19/).

## 2.1 Vasstand

Vasstand er målt i fire punkt med grunnvassbrønn, ved BH 345, 346, 410 og 505. Poretrykk er målt i 3 punkt med piezometer (tre djupner i kvart punkt) ved BH 345, 346 og 505. Basert på avlesingane frå grunnvassbrønnane så er det observert eit trykk som tilsvarar ein grunnvasstand som ligg i om lag 1.5 – 2.5 m djupne under terrengoverflate i det aktuelle området. Avlesning av piezometer tyder på noko poreovertrykk i djupna.


Grunnvassbrønner og piezometer er installert våren 2018 i samanheng med grunnundersøkingane utført i same periode. Måleperioden er difor begrensa, det har i tillegg vore uvanleg tørt i denne perioden. Det har vore meir nedbør på seinsommaren 2018, avlesingar etter denne tid vil kanskje vere meir representative. Det føreligg også avlesingar av grunnvasstand/poretrykk i datarapport /17/ frå 2006.

## 2.2 Tidlegare skredaktivitet

Det er ei markert ravine sentralt i området ved profil ca. 280 – 300 (sjå Figur 2-3) og denne kan vere danna som eit resultat enten av erosjon frå vassføring, eller som resultat av eit skred. Basert på den runde forma av ravina så er det kanskje mest sannsynleg at den er danna som resultat av eit skred. I botn av ravina er det kort djupne ned til berg, det er sannsynleg at det tidlegare har vore dekkja med massar tilsvarande det ein kan finne i tilgrensande områder.



Det er elles ikkje rapportert om skredaktivitet i området ([www.skrednett.no](http://www.skrednett.no)).



Figur 2-3. Ravine ved profil 290 innanfor areal merka med grøn stipla linje. (ref.:borplan presentert i /19/)

### 2.3 Geotekniske forhold knytta til prosjektet

Det er registrert blaut leire betekna som sprøbruddsmateriale og kvikkleire langs vegstrekninga. Eit hovudmoment knytt til prosjektet og om prosjektet er gjennomførbart er difor stabilitetsvurderingar. Stabilitetsberekningane skal utførast i kritiske snitt. Ein må også omsynta ravina som ligg sentralt i området.

Utbetring av vegen vil medføra oppfylling av massar på eksisterande terreng. Vurdering av lokalstabilitet og påverknad på områdestabiliteten må difor vurderast.

Midlertidige fasar og permanent tilstand må vurderast.

I samanheng med forslag til metodar for å fundamentera ny veg så må en vurdere metodar opp mot påverknad på lokalstabilitet og områdestabilitet.

### 2.4 Dimensjonerande jordparameterar

Det vert henvist til kapittel 6 og 7 for presentasjon av lagdeling og jordparameterar.

### 3 Geoteknisk prosjektering

#### 3.1 Regelverk, generelt

Geoteknisk prosjektering skal utførast ihht. Eurokode 0, NS-EN 1990 Grunnlag for prosjektering av konstruksjoner /1/, og Eurokode 7, NS-EN 1997-1 og NS-EN 1997-2 Geoteknisk prosjektering, del 1 og del 2 /2/ og /3/.

Utgreiing av områdestabilitet skal gjerast i henhold til Byggteknisk forskrift til Plan- og bygningsloven, TEK 17 /14/ med tilhøyrande NVE veileder 7/2014 Sikkerhet mot kvikkleireskred /13/. Der det vert gitt prosedyrar for kartlegging og faregradsbestemming av kvikkleiresoner og krav til sikkerheit for områdestabilitet. Bruk av prosentvis forbetring i staden for absolutt partialfaktor i denne samanheng skal begrunnast /9/.

NVE veiledar 7/2014 /13/ angir tiltakskategoriar for ulike typar tiltak.

#### 3.2 Geoteknisk kategori, konsekvensklasse/pålitelegheitsklasse (CC/CR)

NS-EN 1997-1:2004+NA:2008 /2/ stiller krav til prosjektering ut fra tre ulike geotekniske kategorier. SVV 200 /9/ angir at geoteknisk kategori 3 dersom det er kvikkleire i området, men åpnar for å plassere prosjektet i geoteknisk kategori 2 dersom det er spesielt gunstige forhold. Vi kan ikkje sjå at det er spesielt gunstige forhold i dette prosjektet.

Oppdraget som er tildelt Multiconsult omfattar tolking av grunnundersøkingar (2018) /19/ og vurdering av stabilitetsforhold knytta til mulig utvidelse av fv 544 og etableringa av gang-sykkelveg som må leggjast på ei fylling langs eksisterande veg. Det er registrert kvikkleire langs den aktuelle traseen.

På grunn av registrert kvikkleire i planområdet må prosjektet også vurderes i henhold til krav gitt i NVE-retningslinjer 7/2014 /13/.

Med det overstående som utgangspunkt vert følgjande generelle inndeling for geoteknisk kategori valt, og dermed også krav til geoteknisk prosjektering:

- Områdestabilitet: Geoteknisk kategori 3
- lokalstabilitet sprøbruddmateriale: Geoteknisk kategori 3
- Lokalstabilitet, ikkje sprøbruddmaterial: Geoteknisk kategori 2

Eurokode 0, NS-EN 1990-1 /1/ definerar byggverks plassering med hensyn til konsekvensklasse og pålitelegheitsklasse (CC/RC). Konsekvensklassar er behandla i standardens tillegg B i tabell B1 (informativt), mens veiledande eksempel på plassering av byggverk og grunn-/fundamenteringsarbeid i pålitelegheitsklassar er vist i nasjonalt tillegg NA (informativt), tabell NA.A1 (901). SVV har i si handbok V220 /8/ gjort ei samanstilling av forholdet mellom geoteknisk kategori og pålitelegheitsklasse.

Basert på dette og på ein føresetnad om at standardens intensjon er å knytta val av pålitelegheitsklasse til vald geoteknisk kategori gir dette følgjande generelle inndeling i forhold til konsekvensklasse/pålitelegheitsklasse:

- Områdestabilitet: CC/RC 3
- Lokalstabilitet, sprøbruddmateriale: CC/RC 3
- Lokalstabilitet, ikke sprøbruddmateriale: CC/RC 2

### 3.3 Plassering i tiltakskategori

TEK 17 /14/: *Et område der det er fare for kvikkleireskred, en faresone, kan ha betraktelig større utbredelse enn selve tiltaket. For tiltak som kan påvirke områdestabiliteten, medføre fare for menneskeliv eller store materielle skader ved skred, må det kartlegges hvor stort område som kan omfattes av et skred, både løsne- og utløpsområde. Utredning av områdestabilitet (soneutredning) innebærer å vurdere alle skråninger hvor et skred kan utløses og forplante seg inn i tiltaksområdet, samt områder hvor skredmasser ovenfra kan ramme tiltaksområdet. Behov for utredning og eventuell sikring av områdestabiliteten i faresoner for kvikkleireskred er avhengig av **tiltakskategori**, og for tiltakskategori K2-K4 også hvilken **faregrad** sonen har. Tiltakskategori bestemmes av tiltakets påvirkning på områdestabiliteten og av konsekvensene ved skred. Konsekvensene bestemmes av tiltakets størrelse og verdi samt i hvilken grad tiltaket vil medføre tilflytning av personer.*

I dette prosjektet skal også SVV handbok N200 /9/ ligge til grunn for prosjektinga. N200 henviser til NVE regelverk mht. områdestabilitet.

Tiltakskategoriene ihht. NVE er vist i Tabell 3-1. Prosjektet vert klassifisert å vere i tiltakskategori K3. Grunngevinga for denne klassifiseringa er:

- Vi kan ikkje klassifisere tiltaket som eit reint trafikksikringstiltak, då tiltaket også inneber utbetring av veg, noko som vil auke årstdøgnstrafikken (ÅDT) på vegen. Dette fører prosjektet frå K1 til K2.
- Tiltaket medfører «tilflytting» av personar i form av auka ÅDT (det er antyda at ÅDT i framtida kan bli ca 2000, med referanse til oppstartsmøte 4.juni 2018). Dette fører prosjektet frå K2 til K3

Tabell 3-1. tiltakskategori K0 – K4 /13/.

Tiltakskategori. Type tiltak som inngår i tiltakskategorien	Faregrad før utbygging		
	Lav	Middels	Høy
K0: Mindre byggverk og anlegg som medfører svært begrensede terrenginngrep eller laster og ingen tilflytning av personer. Eksempler er enkle garasjer, naust eller uthus som ikke er beregnet for tunge gjenstander eller kjøretøyer som vil gi betydelige terrenglaste, mindre vegger som ikke medfører utfyllinger i toppen av skrånninger eller skjæringer i bunnen av skrånninger (eks. skogsbilveger og gårdsveger), mindre grøfter og lignende, mindre tilbygg og påbygg på eksisterende bebyggelse.	Tiltak må følge anbefalinger i Veiledning ved små inngrep i kvikkleiresoner, (NGI-rapport 2001008-62)		
K1: Byggverk, terrenginngrep og anlegg av begrenset størrelse og tyngde (inkludert inventar) med lite personopphold. Selve tiltakene kan utføres med lette masser for å oppnå at stabiliteten ikke forverres. Eksempler er mindre driftsbygninger i landbruket og lagerbygg av begrenset verdi, mindre massedeponier, lokale VA-anlegg, private og kommunale vegger og trafiksikkerhetstiltak, slik som gang- og sykkelveger, over- og underganger, tiltak i forbindelse med anlegg av midtdeler og lignende.	Tiltaket skal ikke påvirke områdestabiliteten negativt. Ved tvil om dette skal tiltaket flyttes til K2.  Erosjon som kan gi negativ påvirkning på stabiliteten i tiltaksområdet skal stoppes ved erosjonssikring. Vurdering av tiltakets virkning på områdestabilitet kvalitetssikres av kollega.		
K2: Tiltak som er nevnt under kategori K1 når tiltaket vil påvirke stabiliteten negativt dersom det ikke gjennomføres stabiliserende tiltak utenom selve tiltaket.  Dersom tiltaket medfører tilflytting av personer skal tiltaket plasseres i tiltakskategori K3 eller K4.	Stabilitetsanalyse som dokumenterer  a) sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$  eller b) Ikke forverring **  Kvalitetssikres av kollega.*		Stabilitetsanalyse som dokumenterer: a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$ eller b) Ikke forverring hvis $F > 1,2$ , eller c) Forbedring hvis $F \leq 1,2$ , se figur 5.1. Kvalitetssikres av uavhengig foretak*
K3: Tiltak som medfører tilflytting av personer med inntil to boenheter, begrenset personopphold eller tiltak med stor verdi (utover tiltak i K0-K2). Ved planlagt større tilflytting/ personopphold gjelder K4.  Eksempler er bolighus og fritidsbolig med inntil to boenheter, større driftsbygninger i landbruket, mindre utendørs publikumsanlegg, mindre næringsbygg, større VA-anlegg.	Stabilitetsanalyse som dokumenterer: a) sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$ eller b) Ikke forverring**  Kvalitetssikres av uavhengig foretak*	Stabilitetsanalyse som dokumenterer: a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$ eller b) Ikke forverring hvis $F \geq 1,2$ , eller c) Forbedring hvis $F < 1,2$ , se figur 5.1.  Kvalitetssikres av uavhengig foretak*	Stabilitetsanalyse som dokumenterer: a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$ eller b) Forbedring hvis $F < 1,4$ , se figur 5.1.  Kvalitetssikres av uavhengig foretak*
K4: Tiltak som medfører større tilflytting/ personopphold enn tiltak i K3 samt tiltak som gjelder viktige samfunnsfunksjoner. Eksempler er mer enn to eneboliger /fritidsboliger, rekkehus/boligblokk, bolig- og hyttefelt, skole og barnehage, sykehjem, større næringsbygg, kontorbygg, idretts- og industrianlegg, større utendørs publikumsanlegg, lokale beredskapsinstitusjoner.	Stabilitetsanalyse som dokumenterer:  a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$  eller b) Forbedring hvis $F < 1,4$ , se figur 5.1.  Kvalitetssikres av uavhengig foretak*		Stabilitetsanalyse som dokumenterer:  a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet $F \geq 1,4$ eller b) Vesentlig forbedring hvis $F < 1,4$ , se figur 5.1. Kvalitetssikres av uavhengig foretak*

### 3.4 Trafikkklaster

Karakteristiske trafikk- og terrenglaster er vald iht. SVV håndbok N200 /9/ og V220 /8/, sjå Tabell 3-2.

Tabell 3-2. Karakteristiske trafikk- og terrenglaster.

Tilfelle	Benevning	Størrelse	Eining	Kommentar
Trafikklast ved stabilitetsberekning	$F_{rep}$	15	kPa	Jamt fordelt belastning på 15 kPa over heile vegens planeringsbreidd hvis ugunstig, (0 hvis gunstig), vegskulder inkludert. Tilsvarande gjeld for gang- og sykkelveg.
Gang- og sykkelveg	$F_{rep}$	10	kPa	Jamt fordelt belastning på 10 kPa fordelt over heile vegens breidd, vegskulder inkludert.
Trafikkklaster på terreng ved konstruksjonar som støttemurer, landkar og armerte jordkonstruksjonar	$F_{rep}$	20	kPa	Gjeld på fyllingar for vegbruer og ferjekai med trafikklast på veg bak konstruksjonen i <b>6 m</b> breidd plassert i ugunstigaste posisjon i tverrprofilen.
Øvrig del av vegbana inkludert skuldre, gangbane og eventuell midtdelar	$F_{rep}$	5	kPa	Gjeld ved konstruksjonar. Jamt fordelt belastning frå hjulakslar.
Vegtrafikk bak støttemurar/støttekonstruksjon	$F_{rep}$	20	kPa	Jamt fordelt over heile vegarealet. Virkningen av resulterande jordtrykk med djupna reknast å vere begrensa til 5 m under terreng.
Terrenglast bak støttekonstruksjon utan vegtrafikk	$F_{rep}$	5	kPa	Jamt fordelt over terreng bak støttekonstruksjonen. Skal dekkja mogleg belastning frå jordbruksrelaterte aktivitetar, snølast og liknande. Virkninga av resulterande jordtrykk med djupna reknast å vere begrensa til 5 m under terreng.

### 3.5 Jordskjelvlaster

Frå N200 /9/ kap.205.7:

«Veiledende tabell for valg av seismisk klasse (I til IV) for en rekke konstruksjoner, inklusiv veg- og gangbruer, er gitt i Eurokode 8-1. Geotekniske konstruksjoner skal ha samme seismisk klasse som konstruksjonen de støtter. For seismisk klasse for bruer vises det til håndbok N400.

For veg mellom permanente konstruksjoner skal det i forbindelse med Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) av plan jf. plan- og bygningsloven gjøres en vurdering om jordskjelv er en aktuell problemstilling for den planlagte vegstrekningen»

Vi tolkar det slik at for veg/vegfyllinger inntil konstruksjoner skal det utførast jordskjelvanalysar dersom eit brudd i veg/fylling vil påverke konstruksjonen. For øvrig veg utanom konstruksjonar skal det gjerast ei vurdering med ROS-analyser.

Det er ingen konstruksjonar forutan vegen langs den aktuelle strekninga. Etter vår vurdering er det difor ikkje nødvendig å hentynta jordskjelvlaster i stabilitetsberekningane i denne fasen. Det kan imidlertid vere behov for å ta inn dette i seinare fasar (detaljprosjektering) og/eller utføre ROS analyse for å grunngi ei evt. utelatelse.

Det er heller ikkje pr. i dag vanleg praksis å ta hensyn til jordskjelvlast ved stabilitetsberekningar i Noreg (eller i Sverige).

### 3.6 Grunnvatn - poretrykk

Grunnvasstand og poretrykk skal inkluderast i stabilitetsberekningane. Poretrykksprofil vert basert på registrerte verdier frå grunnvassbrønner og piezometer.

### 3.7 Dimensjoneringsmetode

NS-EN 1997-1:2004+NA:2008 /2/ kapittel 2.4.7.3.4 presenterar tre ulike dimensjoneringsmetodar for geoteknikk, dvs. tre ulike metodar for korleis forholdet mellom dimensjonerande lastverkad og dimensjonerande motstand skal vektast. Ved geoteknisk prosjektering i Noreg vert dimensjoneringsmetode 3 nytta i henhold til NA:2008 med unntak av pelar der dimensjoneringsmetode 2 vert nytta.

For stabilitetsberekningar vert difor dimensjoneringsmetode 3 nytta med følgjande kombinasjon av sett med partialfaktorar:

Kombinasjon: (A1\* eller A2\*\*) "+ " M2 "+ " R3"

\* På konstruksjonslaster

\*\* På geotekniske laster

A: partialfaktor for påverknader eller lastverknader

M: partialfaktor for jordparameterar

R: partialfaktor for motstand

### 3.8 Grensetilstandar og partialfaktorar

#### 3.8.1 Grensetilstandar

*Fyllingsarbeid og stabilitet:*

I stabilitetsberekningane er bruddgrensetilstand dimensjonerande. For setningsvurderingar vert bruksgrensetilstanden lagt til grunn.

#### 3.8.2 Partialfaktorar for geotekniske parametere/jordparametere

Krav til partialfaktorar for geotekniske parametere vert vurdert frå tabell 0.3 i HB V220 /8/ og knytta til aktuell konsekvensklasse og bruddmekanisme. Figur 0.3 fra HB V220 /8/ er presentert i Tabell 3-3 nedanfor. Merk at denne tabellen vil gjelda for lokalstabilitet.

*Tabell 3-3. Tabell fra HB V220 (figur 0.3) /8/ - partialfaktorar ved effektivspennings og totalspenningsanalyser.*

Konsekvensklasse	Bruddmekanisme		
	Seigt, dilatant brudd	Nøytralt brudd	Sprøtt, kontraktant brudd
CC1 Mindre alvorlig	1.25 / 1.4*	1.3 / 1.4*	1.4
CC2 Alvorlig	1.3 / 1.4*	1.4	1.5
CC3 Meget alvorlig	1.4	1.5	1.6

\*NS-EN 1997-1:2004+NA:2008 krever at  $\gamma_m \geq 1.4$  ved totalspenningsanalyser.

Det ovanfor nemnde gjeld for lokal stabilitet for konstruksjonar/tiltak. For global-/områdestabilitet gjeld følgjande iht. handbok V220 /8/ og NVE 7/2014/13/ for K3 – høg faregrad (gjeld sone I):

Dersom berekna  $\gamma_M > 1,4$  for områdestabilitet så kan dette sikkerheitsnivået akseptert. Dersom berekna  $\gamma_M < 1,4$  for områdestabiliteten så kan prinsippet om % - vis forbedring vurderast nytta dersom det er teknisk umogleg å oppfylle krava til absolutt partialfaktor. Krav til % - vis forbedring varierer lineært mellom 0 % og 20 % avhengig av berekna (initial  $\gamma_M$  for global stabilitet (kfr. /8/).

Vidare åpner HB V220 for å akseptera materialfaktor lågare enn krav gitt i Tabell 3-3 (Figur 0.3 i V220) ved analyse av områdestabilitet dersom forholda utan prosjektert tiltak (dagens situasjon) gir lågare materialfaktor enn krav. Det vil då normalt forutsetjast at det prosjekterte tiltaket vert gjennomført på ein måte som gir uendra eller økt materialfaktor og slik at faktorar som kan utløyse brot eller skred vert unngått (Fotnote d i Figur 0.2/8/).

### **3.8.3 Partialfaktorar for påverknader**

Fyllingsarbeid/Stabilitet/Jordtrykk:

Krav til partialfaktorar for påverknader vert bestemt i henhold til tabell NA.A.3 i /2/. Denne tabellen henviser til NS-EN 1990:2002/NA:2008 /1/, tabell NA.A1.2 (B) og (C) (hhv. A1 og A2):

For geotekniske laster, medrekna også påverknader på grunnen (konstruksjonslaster og trafikklaster) for analysar av skråningar og områdestabilitet, skal sett A2 nyttast:

$$\gamma_{Q,1} = 1,3$$

$$\gamma_{Gj} = 1,0$$

### **3.8.4 Partialfaktor for motstand**

Stabilitet:

Partialfaktor for motstand,  $\gamma_R$ , vert bestemt ut frå tabell NA.A.14 /2/ (for skråningar og områdestabilitet). Tabellen gir:  $\gamma_{R;e} = 1,0$  (R3).

Dette betyr at motstanden i lausmassene ikkje skal reduserast utover det som resultatet som vert oppnådd ved å leggje på partialfaktor for geotekniske parameterar.

## **3.9 Kvalitetssystem**

Eurokode 0, NS-EN 1990:2002+NA:2008 /1/ krev at det ved prosjektering av konstruksjonar i pålitelegheitsklasse 2, 3 og 4 skal eit kvalitetssystem vere tilgjengeleg, og at dette systemet skal tilfredsstillast NS-EN ISO 9000-serien for konstruksjonar i pålitelegheitsklasse 4. Multiconsult sitt system tilfredsstiller sistnevnte, og kravet er ivareteke.

## **3.10 Dimensjonerande verdiar- laster**

### **3.10.1 Dimensjonerande last på konstruksjonar og terreng**

Dimensjonerande last på konstruksjonar og terreng resulterer frå multiplikasjon av karakteristiske verdiar med tilhøyrande partialfaktor for påverknad.

### **3.10.2 Jordskjelvlaster**

Henviser til kapittel 3.5.

## 4 Moglege brot og skredtypar

Brot- og skredtypar er omtalt i NVE 7/2014 /13/ kap. 3.

### 4.1 Lokalskred

Rotasjonsskred er ofte relatert til skrånningar i elve-/bekkedalar og/eller raviner. Utløysande årsaker er lokal overbelastning for eksempel ved erosjon eller utfylling i topp skrånning. Eit rotasjonsskred vil pr. definisjon ikkje medføra vidare brotutvikling bakover (ikkje retrogressivt). Dersom rotasjonsskred skjer i tilknytning til sprøbruddmaterialar kan det utløyse områdekred og dermed benevnast initialskred.

### 4.2 Områdeskred

Ved utgreiing av områdestabilitet vert brottypar vurdert i henhold til kap. 3.2 /13/. Følgjande brottypar er aktuelle i områder med sprøbruddmateriale (områdeskred):

1. Initialskred med bakeroverretta skalkskred (retrogressivt skred)
2. Bakoverretta flakskred
3. Framoverretta flakskred

Initialskred kan for eksempel utløysast som følge av erosjon eller lokal overbelastning i eit kritisk område (f. eks. i toppen av ein skrånning). Et retrogressivt skred er eit skred som utviklar seg bakover frå eit initialskred, vanlegvis på grunn av at raskanten er ustabil.

Flakskred vert utløyst på grunn av progressiv bruddutvikling i sprøbruddmateriale (sensitiv/kvikkleire). Progressivt brot er eit brot som utviklar seg gradvis pga. reduksjon i styrke langs eit kritisk glideplan. Brotet er initiert av ein lokal styrkeoverskridelse.

Bakeroverretta flakskred er utvikla frå eit initialskred i skråningsfronten. Skredtypen opptre vanlegvis dersom laget av sprøbruddmateriale har liten tjuknad og overdekningen av andre lausmassar er stor, slik at brotflata vert tvinga bakover.

Framoverretta flakskred er initiert i bakkant ved lokal overbelastning, og bevegar seg fremover i retning av utglidinga. Skredtypen kan forekomma både i område med stor tjuknad av sprøbruddmateriale og ved glidning i sjikt.

## 5 Utgreiing av områdestabilitet – NVE's veileder 7/2014

Plan og bygningsloven, §28-1, stiller krav til at «grunn kan bare bebygges, eller eigedom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold». Vidare stiller TEK 17/14/, §7-3, krav til at «byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område».

Kap. 4.5 i NVE veileder 7/2014 /13/ beskriv prosedyre for identifisering og avgrensning av kvikkleireområder med potensielle skredfarar (aktsomheitsområder, punkt 1-5), avgrensning og faregradsevaluering av faresoner (faregradsklassifiserte faresone, punkt 6-9) og til slutt stabilitetsanalysar (stabilitetsutredende faresoner, punkt 10).

Tabell 5-1 viser overskrift for punktea i prosedyra for utgreiing av aktsomheitsområder og faresoner NVE 7/2014 /13/.



Tabell 5-1. Prosedyre for utredning av aktsomhetsområder og faresoner /13/.

Pkt.	Oppgave
1.	Avklar hvor nøyaktig utredning skal være
2.	Undersøk om hele eller deler av området ligger under marin grense
3.	Avgrens områder med marine avsetninger
4.	Undersøk om det finnes kartlagte faresoner for kvikkleireskred i området
5.	Avgrens aktsomhetsområder til terreng som tilsier mulig fare som områdeskred
6.	Gjennomføring av befaring og grunnundersøkelser/ vurdering av grunnlag
7.	Avgrens løsneområder nøyaktig
8.	Vurder og avgrens sannsynlige utløpsområder for skredmasser
9.	Avgrens og faregradsklassifiser faresoner
10.	Stabilitetsvurdering. Dokumentasjon av tilfredsstillende sikkerhet

Antal punkt i prosedyra som må behandlast er avhengig av planfase og krav til nøyaktigheit av utredningane.


Prosedyra vert avslutta dersom det ved gjennomgang av prosedyra kan konkluderast med at det ikkje er fare for områdeskred. Prosedyra er gjennomgått punktvis i dei etterfølgjande kapitla.

### 5.1 «Avklar hvor nøyaktig utredningen skal være»

Det er avklart med oppdragsgjevar (SVV) at vurderinga skal vere på reguleringsplannivå. Vurderinga presentert i denne rapporten skal konkludere med om det er mogleg å utføre planlagt utbetring av veg (med gang og sykkelveg) innanfor definerte sikkerheitsnivå (NVE og SVV)

### 5.2 «Undersøk om hele eller deler av området ligger under marin grense»

Marin grense i området ligg på om lag kote 66. Terrenghøgda av vegen ligg mellom ca kote 55 og kote 11. Det aktuelle området ligg difor under marin grense, sjå Figur 5-1.




Figur 5-1. Kart som viser marin grense (skravert område ligg over marin grense) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)).


### 5.3 «Avgrens områder med marine avsetninger»

Gjennomgang av datarapport frå 2018 /19/ og tidlegare datarapportar og vurderingar /17/, /18/, /16/ viser at det er marine avsetningar i området. Marine avsetningar er også skissert i NGU's kart database for lausmassar, presentert i Figur 5-2.

Eit meir detaljert kart som angir soner med sprøbruddmateriale og kvikkleire (blå skravur) er presentert i Figur 5-3. Soner med berg i dagen er også vist med raud-brun skravur. Figuren er ei skisse og er meint å gi ei grov oversikt. Ytterlegare forklaring til sone-inndelinga er presentert i kapittel 7.1 og Figur 7-1.




Figur 5-2. NGU løsmassekart.



Figur 5-3. Omtrentleg plassering av borpunkt og grov inndeling av område med antatt sprøbrudd/kvikkleire (blå skravur) og berg i dagen (raud-brun skravur). \*Merk at pkt.347 (merka grøn) ligg innanfor blått område då dreietrykksondering 228 (nedanfor 347) viser avtakande motstand med djupna. Blå-stipla linje indikerer marin grense.

#### 5.4 «Undersøk om det finnes kartlagte faresoner for kvikkleireskred i området»

Det er ikkje rapportert om faresoner relatert til kvikkleireområder i Kvinnherad kommune ([www.NVE.no](http://www.NVE.no)). Tidlegare utførte grunnundersøkingar har for øvrig registrert førekomst av kvikkleire i grunnen ved det aktuelle området ved Toftebrekka. Kvikkleiresoner er identifisert på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no), dette er vist i Figur 5-4.



Figur 5-4. Identifisert kvikkleireforekomst (skravert område) og marin grense (blått areal antyder nivå under marin grense). Kilde: [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no)


#### 5.5 «Avgrens aktsomhetsområder til terreng som tilsier mulig fare for områdeskred»

NVEs retningslinjer /13/ beskriv korleis terrengsanalyse kan utførast for å begrensa aktsemd område til områder der topografien gir moglegheit for områdeskred. For jamt hellande terreng er kriteriet sett til terreng med helling brattare enn 1:20.

Det er utført ein GIS-analyse (med bistand frå SVV) der områder med helling brattare enn 1:20 er samanstillt med område med antatt sprøbruddmateriale, sjå Figur 5-5. Fargekode grøn og brun-grøn illustrerer områder med helling slakare enn henholdsvis 1:20 og 1:15 (2.86° og 3.81°).

Vidare er kvikkleiresoner illustrert med blå skravur og berg i dagen er illustrert med raud-brun skravur (grov inndeling). Det er tydeleg frå kartet at meir eller mindre heile sone I har helling brattare enn 1:15, like eins sone II, med unnatak ved den lengst nordlege delen nærme vegen.

Områder med helling > 1:20 og sprøbruddmateriale er gjenstand for vidare analysar.



Figur 5-5. Gradientkart: grønn=helling < 1:20, grønn-brun=helling < 1:15.

## 5.6 «Gjennomføring av befaring og grunnundersøkingar/ vurdering av grunnlag»

Det er utført grunnundersøkingar i stort omfang ved det aktuelle området. Det vert vurdert som tilstrekkeleg for å gjere nødvendige vurderingar på reguleringsplan-nivå (nivået av denne rapporten). Dersom det vert vedteke å gå vidare med prosjektet må det utførast ytterlegare grunnundersøkingar for å kartleggje djupne til berg og bestemming av jordparameterar i enkelte områder.

Befaring i området er utført måndag 20.august 2018.

## 5.7 «Avgrens løsneområder nøyaktig»

NVEs retningslinjer /13/ beskriv korleis ein kan bruke mindre konservative terrengkriterier for å innsnevra løsneområda ytterlegare i forhold til det som er gjort i pkt. 5. For jamt hellande terreng er kriteriet redusert til helling brattare enn 1:15. Det er utført ein GIS-analyse der område med helling brattare enn 1:15 er samanstillt med område med sannsynleg sprøbruddmateriale, sjå Figur 5-5. Brun-grønt illustrer helling slakere enn 1:15, dei beige fargane illustrerer helling brattare enn 1:15. Området med potensielt sprøbruddmateriale er markert med blå skravur. Analysen viser at stort sett heile området innanfor sone I og II har helling brattare enn 1:15. Aktuelle skredtype i området kan vere


- Initialskred utløyst i ravina på grunn av erosjon (sone I og sone II), initialskredet kan vere retrogressivt og utvikle seg til eit områdeskred
- Områdeskred (sone I og II)
- Områdeskred i nedre del av skråning, områdeskred i øvre del av skråning – skred i nedre del av skråning kan utløyse skred i øvre del av skråning (sone I)
- Initial skred ifm.utbetring av veg (lokal overbelastning/eller avlasting) kan forårsake eit større områdeskred (sone I). Kan vere både framoverretta og bakoverretta

Det er registrert kvikkleire/sprøbruddmateriale både over og under vegen i «sone I», lokale brudd, eller initialskred, kan difor utvikle seg til større områdeskred i dette området (vegprofil ca 150 – 350).

Lenger aust ved «Sone II» er det registrert kvikkleire/sprøbruddmateriale på nedsida av vegen, og ikkje på oppsida, det er forøvrig slakt terreng på oppsida av vegen langs denne strekninga. Tiltak ifm. utbetring av veg er også anteke å vere begrensa langs denne strekninga (pr.0 – 150), og det er ikkje venta at dette vil få konsekvens for lokal eller område stabilitet. Det er elles ei ravine i dette området med bratte sider, her kan det potensielt forekomme lokale utglidingar som kan utløyse større områdeskred.

Begge sonene (sone I og sone II ) med registrert kvikkleire/sprøbruddmateriale er potensielle løsneområder for områdeskred.

Løsnedistanse (L), jmf. NIFS rapport 14/2016 /28/, vert definert som  $L \approx 200$  m for sone I, denne er illustrert i Figur 5-6 og Figur 5-7. For sone II er løsnedistansen definert som heile lengda av skråninga frå like under FV 544 og ned til sjøen då terrenghellinga er større enn 1:15. Løsnedistanse for sone II er då om lag 400 m, sjå Figur 5-7. Øvre begrensning av løsneområde for begge sonene er definert ved boringar der det ikkje er påtruffe sprøbruddmateriale/kvikkleire.



Figur 5-6. Løsnedistanser for sone I. raudfarge illustrerer kvikkleire/sprøbruddmateriale.

### 5.8 «Vurder og avgrens sannsynlige utløpsområder for skredmasser»

NVE veileder 7/2014 /13/ oppgir at det ikkje er etablert ein god eintydig praksis for å evaluere utløpsområder for skredmassar. Fagleg skjønn og erfaringsmateriale må nyttast i ei slik vurdering /13/. NIFS rapport 14/2016 /28/ presenterar eit forslag til metode for vurdering av utløpsområder. Ved den føreslegne metoden vert utløpssona (Lu) berekna ved ein av følgjande tre relasjonar:

- Ved retrogressive skred i kanalisert terreng:  $L_u = 3 \times L_{\text{løsnedistans}} (L)$
- Ved retrogressive skred i åpent terreng:  $L_u = 1.5 \times L_{\text{løsnedistans}} (L)$
- Ved flakskred eller rotasjonsskred, i alle typar terreng:  $L_u = 0.5 \times L_{\text{løsnedistans}} (L)$


Utløpsområdet for sone I er ikkje utprega kanalisert, berekning av utløpsområde for sone I vil difor baserast på pkt.2 «retrogressive skred i åpent terreng». Estimert lengd av utløpssone blir då:

$$L = 1.5 \times 200 \text{ m} = 300 \text{ m}$$

Utløpsområdet er basert på informasjon frå grunnundersøkingane, registrert berg i dagen, skjønn, topografi og estimert  $L_u$ .  $L_u$  vil strekkje seg ut i sjøen, Figur 5-7 angir utløpsområde på landarealet.

Sannsynlige løsne og utløpsområder for skredmassane er indikert i Figur 5-7.

Merk at området aust for ravina i sone II ikkje inngår i vurderinga då det ikkje er utført grunnundersøkingar i dette området.



Figur 5-7. Sannsynlige løсне og utløpsområder for skredmasser indikert med skravet område. Merk: området aust for ravine i austleg område er «ukjent» (ingen grunnundersøkingar), dette området inngår difor ikkje i vurderinga.



## 5.9 «Avgrens og faregradsklassifiser faresoner»

For å underbygge dei geotekniske vurderingane på reguleringsplannivå, er det utført ei evaluering for å bestemme faregraden for sone I og sone II. Faregradsevalueringa er utført som anbefala i /13/ og er utført med utgangspunkt i profil N-N (sone I) og profil U-X (sone II).

### 5.9.1 Faregradsevaluering, sone I

Evaluering av faregraden for sone I er vist i Tabell 5-2.

Tabell 5-2. Faregradsevaluering, sone I Fv.544 Tofte, Halsnøy.

Faktorer	Vekttall	Faregrad, score				Sum
		3	2	1	0	
Tidligere skredaktivitet	1	Høy	Noe	Lav	Ingen	2
Skråningshøyde, meter	2	>30	20-30	15-20	<15	6
Tidligere/nåværende terrengnivå (OCR)	2	1,0-1,2	1,2-1,5	1,5-2,0	>2,0	2
Poretrykk. Overtrykk, kPa:	3	>+30	10-30	0-10		
Undertrykk, kPa:	-3	<-30	-(20-50)	-(0-20)	Hydrostatisk	6
Kvikkleiremektighet	2	>H/2	H/2-H/4	<H/4	Tynt lag	4
Sensitivitet	1	>100	30-100	20-30	<20	3
Erosjon	3	Aktiv/glidn.	Noe	Lite	Ingen	3
Inngrep: Forverring:	3	Stor	Noe	Liten		
Forbedring:	-3	Stor	Noe	Liten	Ingen	0
<b>Sum</b>						<b>26</b>
<b>% av maksimal poengsum (NVE veileder 7-2014)</b>						<b>51</b>

0 – 17 poeng gir låg faregrad, 18-25 middels, og 26 – 51 poeng høg faregrad. Evalueringa ender opp med å plassere området i høg faregrad (på grensa mellom middels og høg).

Det vil alltid vere usikkerheit knytt til ei faregradsevaluering som vist i Tabell 5-2. Oppnådd poengsum klassifiserer sone I innan «høg faregrad». Det er elles verd å merke seg at det skil berre eit poeng ned til «middels faregrad».

Det er knytt usikkerheit til poretrykk/overtrykk i skråninga, då vinter/vår/sommar 2018 har vore historisk tørr, så er det vald å leggje seg på «noe», noko som tilsvarar 10-30 kPa poreovertrykk. Siste måling viste høgste verdi på 7 kPa, men samtidig så vart det målt 12 kPa ved borepunkt 139 rapportert i /17/.

Vidare er det også uvisst om det har vore skredaktivitet i området. Ein kan ikkje med vissheit konkludera at ravina i sone I er resultatet av eit skred, sjølv om det er nærliggjande å tru det når ein ser på dagens topografi og fasongen på ravina.

Med omsyn til konsekvens i form av nødvendig sikkerhetsfaktor og krav til forbetring av områdestabilitet viser det seg at det ikkje vil ha betydning om faregradsevalueringa konkluderar med «høg» eller «middels» faregrad. Dette då tiltaket som vert vurdert i denne rapporten er definert i tiltakskategori K3 og områdestabiliteten har ein berekna sikkerhetsfaktor lågare enn 1.2 (kapittel 8).

### 5.9.2 Skadekonsekvens og risiko, sone I

Skadekonsekvens vert vurdert ihht. /23/. Konsekvensen av eit skred vert delt inn i tre kategoriar etter alvorlegheitsgrad: Mindre alvorleg, alvorleg, meget alvorleg. Evalueringa vert utført ved bruk av tabell 1 i /23/. Tabell med tilhøyrande score for sone I er vist i Tabell 5-3. Konsekvensanalysen definerar sone I under alvorlegheitsgrad «alvorleg».

Tabell 5-3. Konsekvensanalyse, sone II, utført etter metode i /23/.

	Vekt-tall	Konsekvens, score				SUM
		3	2	1	0	
Boligenheter, antall	4	Tett > 5	Spredt > 5	Spredt < 5	Ingen	4
Næringsbygg, personer	3	> 50	10 – 50	< 10	Ingen	3
Annen bebyggelse, verdi	1	Stor	Betydelig	Begrenset	Ingen	1
Vei, ÅDT	2	>5000	1001-5000	100-1000	<100	4
Toglinje, baneprioritet	2	1 – 2	3 – 4	5	Ingen	0
Kraftnett	1	Sentral	Regional	Distribusjon	Lokal	0
Oppdemning/flom	2	Alvorlig	Middels	Liten	Ingen	0
Sum poeng		45	30	15	0	12
% av maksimal poengsum		100 %	67 %	33 %	0 %	27 %

Risiko er definert ved: skadekonsekvens × faregrad. For å oppnå ein poengsum ihht. metoden skildra i /23/ så gjer ein om poengverdiene frå konsekvensanalysen og faregradsevalueringa til prosent av maksimal poengsum og multipliserer desse to verdiane.

Risiko er inndelt i fem klassar med poengskala frå 1 til 5, der 5 tyder høgst risiko (medan skadekonsekvens og faregrad er inndelt i tre klassar). Dette er gjort for å skilje ut soner med aller lågast risiko og aller høgast risiko /23/.

For sone I er poengsum for risiko berekna som:

$$\text{Skadekonsekvens} \times \text{faregrad} = \frac{26}{51} \cdot \frac{12}{45} = 51\% \cdot 27\% = 1377$$

Dette klassifiserar sone I i risikoklasse 3, midt mellom høgast og lågast risiko.

### 5.9.3 Faregradsevaluering, sone II

Evaluering av faregraden for sone II er vist i Tabell 5-4.

Tabell 5-4. Faregradsevaluering, sone I Fv.544 Tofte, Halsnøy.

Faktorer	Vekttall	Faregrad, score				Sum
		3	2	1	0	
Tidligere skredaktivitet	1	Høy	Noe	Lav	Ingen	0
Skråningshøyde, meter	2	>30	20–30	15–20	<15	6
Tidligere/nåværende terrengnivå (OCR)	2	1,0–1,2	1,2–1,5	1,5–2,0	>2,0	4
Poretrykk. Overtrykk, kPa:	3	>+30	10-30	0-10	Hydrostatisk	3
Undertrykk, kPa:	-3	<-30	-(20-50)	-(0-20)		
Kvikkleiremektighet	2	>H/2	H/2–H/4	<H/4	Tynt lag	4
Sensitivitet	1	>100	30–100	20–30	<20	3
Erosjon	3	Aktiv/glidn.	Noe	Lite	Ingen	3
Inngrep: Forverring:	3	Stor	Noe	Liten	Ingen	3
Forbedring:	-3	Stor	Noe	Liten		
<b>Sum</b>						<b>26</b>
<b>% av maksimal poengsum (NVE veileder 7-2014)</b>						<b>51</b>

0 – 17 poeng gir låg faregrad, 18-25 middels, og 26 – 51 poeng høg faregrad. Evalueringa ender opp med å plassere sone II i høg faregrad.

Som for faregradsevalueringa utført for sone I vil det også vere usikkerheit knytt til faregradsevalueringa for sone II.

Det er lite som tyder på tidlegare skredaktivitet i området, sjølv om det er ei ravine langs den austlege sida i sone II. Den utprega V-forma av ravina tyder på at dette kan vere ei ravine som er danna ved erosjon forårsaka av bekken. Det er difor vald kategorien «Ingen» skredaktivitet. Det kan diskutertast om det skal vere «Lite» eller «Noe» erosjon, det er vald «Lite» i denne evalueringa.

Det er ikkje utført laboratorieforsøk der ein kan definere overkonsolideringsgraden nøyaktig, men sonderingane som er utført tyder på tilnærma normalkonsolidert profil i enkelte punkt, medan det er noko overkonsolidering i andre profil.

Kategorien «Lav» er vald for poretrykk, då den eine målinga i området viser lågare enn 5 kPa poreovertrykk, og det er heller ingen tidlegare målingar i området (noko som er tilfelle for sone I).

Det har vorte lagt ut fyllingar i området, tjuknad og utbreiing av desse er ukjent. Fyllingane er lagt ut på to områder inn mot ravina i sone II. Kategorien «liten» er nytta for å vektlegge inngrep i form av forverring av områdestabilitet.

#### 5.9.4 Skadekonsekvens og risiko, sone II

Skadekonsekvens vert vurdert ihht. /23/, og som presentert i kapittel 5.9.2. Tabell med tilhøyrande score for sone II er vist i Tabell 5-5. Konsekvensanalysen definerar sone I under alvorlegheitsgrad «alvorleg».

Tabell 5-5. Konsekvensanalyse, sone II, utført etter metode i /23/.

	Vekt-tall	Konsekvens, score				SUM
		3	2	1	0	
Boligenheter, antall	4	Tett > 5	Spredt > 5	Spredt < 5	Ingen	8
Næringsbygg, personer	3	> 50	10 – 50	< 10	Ingen	3
Annen bebyggelse, verdi	1	Stor	Betydelig	Begrenset	Ingen	1
Vei, ÅDT	2	>5000	1001-5000	100-1000	<100	0
Toglinje, baneprioritet	2	1 – 2	3 – 4	5	Ingen	0
Kraftnett	1	Sentral	Regional	Distribusjon	Lokal	0
Oppdemning/flom	2	Alvorlig	Middels	Liten	Ingen	2
Sum poeng		45	30	15	0	14
% av maksimal poengsum		100 %	67 %	33 %	0 %	31 %

For sone II er poengsum for risiko berekna som:

$$\text{Skadekonsekvens} \times \text{faregrad} = \frac{26}{51} \cdot \frac{14}{45} = 51\% \cdot 31\% = 1581$$

Dette klassifiserar sone II i risikoklasse 3, midt mellom høgast og lågast risiko.

**5.9.5 Oppsummering av faregrad, skadekonsekvens og risiko, sone I og sone II**

